



NYE VOLDA KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Utval: Fellesnemnd for nye Volda kommune
Møtestad: Dansesalen, Honndalshallen
Dato: 01.11.2018
Tid: 13:00

Faste medlemer som møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Stig Olav Lødemel	Leiar	H
Jørgen Amdam	Nestleiar	AP
Sølvi Dimmen	Medlem	SP
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Randi Langlo	Medlem	AP
Eldar Engelund	Medlem	SP
Bente Tryggestad	Medlem	SP
Brynhild Lund Notøy	Medlem	V

Faste medlemer som ikkje møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Varamedlemer som møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Frå administrasjonen møtte:

Navn	Stilling
Rune Sjurgard	Prosjektleiar/Rådmann Volda
Ann Kristin Langeland	Rådmann Hornindal
Svein Berg-Rusten	Helse og omsorgsjef Volda
Inger-Johanne Johnsen	Sektorsjef kultur og service Volda
Sonja Håvik	Førstekonsulent kultur og service, Volda
Joakim Rødven	Kommunikasjonsrådgjevar

SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 44/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 45/18	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
OS 45/18	Orientering om skulekrinsar i nye Volda kommune
PS 46/18	Reglement for Volda valstyre - ny handsaming
PS 47/18	Valstyret nye Volda kommune - oppsett varaliste
PS 48/18	Kommune og fylkestingsvalet 2019 - fastsetjing av valdag
PS 49/18	Veterinærvakt - Inndeling i veterinærvaktområde i Møre og Romsdal
PS 50/18	Anskaffingsprosess for grafisk profil - ny handsaming
PS 51/18	Orienteringssaker
OS 46/18	Orientering om oppseiing av avtalar
OS 47/18	Førespurnad om deltaking i interkommunalt plansamarbeid - reiseliv og turisme
OS 48/18	Orientering frå temakomite for kulturbygging
OS 49/18	Rapport om helsetenestetilbodet i Hornindal og Volda
OS 50/18	Overgang frå Fellesnemnd til nytt kommunestyre
OS 51/18	Spørsmål til notatet om lokalisering i nye Volda

PS 44/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Innkalling:

Ingen

Sakliste:

Eldar Engelund ønskete å legge til sak om reiseliv, som vart utsett i møte 18.10.2018. Fellesnemnda var samde om at denne saka kunne takast i samband med OS 47/18.

Engelund ønskete også å diskutere når ein går over frå Fellesnemnd til nytt kommunestyre etter kommune- og fylkesvalet i 2019.

Randi Langlo ønskete å stille spørsmål rundt sak om lokalisering, jf. Sak OS 41/18 frå møtet 18.10.2018.

Røysting:

Innkalling og sakliste samrøystes vedteken med merknadane til saklista.

PS 45/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Handsaming:

Ingen merknadar.

Røysting:

Møteprotokoll frå sist møte samrøystes vedteken.

OS 45/18 Orientering om skulekrinsar i nye Volda kommune

Handsaming:

Komande kommunalsjef for oppvekst, Per Ivar Kongsvik, kom inn for å orientere Fellesnemnda. Kongsvik gjorde kort greie for situasjonen om dagens krinsar i Volda, Bjørke/Viddal og Hornindal. Kommunalsjefen skisserte fire teoretiske alternativ på organisering av skulekrinsar, slik han vurderer det. Den endelige skulekrinsorganiseringa skal før endelig vedtak i fellesnemnda gjennom ein høyningsprosess i kommunestyra i dei to kommunane, aktuelle grendelag, SU og FAU ved aktuelle skular, arbeidstakarorganisasjonar og elevråd.

PS 46/18 Reglement for Volda valstyre - ny handsaming

Handsaming:

Røysting:

Administrasjonens tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Fellesnemnd for nye Volda kommune - 01.11.2018

Fellesnemnda syner til vedtak i møte 06.09.2018, PS-sak 38/18 vedkomande reglement for Volda Valstyre og vedtek å endre reglementet ii samsvar med Vedlegg 1 til denne saka.

Administrasjonen si tilråding:

Fellesnemnda syner til vedtak i møte 06.09.2018, PS-sak 38/18 vedkomande reglement for Volda Valstyre og vedtek å endre reglementet ii samsvar med Vedlegg 1 til denne saka.

PS 47/18 Valstyret nye Volda kommune - oppsett varaliste

Handsaming:

Korrigert etter vedtak i sak PS 53/18 den 6. desember 2018:

Jørgen Amdam med slikt framlegg til vedtak:

Varalista til valstyret skal ha slik oppstilling:

Fellesnemnda	Vara fellesnemnda
Stig Olav Lødemel (H)	Anne Raftevoll (H)
Jørgen Amdam (AP)	1. Hild Våge (AP)
Sølvi Dimmen (SP)	2. Gunnar Strøm (SV)
Odd Harald Sundal (SP)	3. Øivind Festø (MDG)
	4. Margrete Trovåg (AP)
Margrete Bjerkvik (KRF)	1. Dan Helge Bjørneset (H)
Odd Arne Folkestad (FRP)	2. Arild Iversen (KRF)
	3. Roald Espset (FRP)
	4. Sindre Rotevatn (H)
Randi Langlo (AP)	Per Maurset (AP)
Eldar Englund (SP)	1. Silvia Prøven Tangen (SP)
Bente Tryggestad (SP)	2. Anders Hjellbakk (SP)
Brynhild Lund Notøy (V)	Nina Lødøen Øen (V)

Røysting:

Amdam sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Fellesnemnd for nye Volda kommune - 01.11.2018

Varalista til valstyret skal ha slik oppstilling:

Valstyret	Vara valstyret
Stig Olav Lødemel (H)	Anne Raftevoll (H)
Jørgen Amdam (AP)	1. Hild Våge (AP)
Sølvi Dimmen (SP)	2. Gunnar Strøm (SV)
Odd Harald Sundal (SP)	3. Øivind Festø (MDG)
	4. Margrete Trovåg (AP)
Margrete Bjerkvik (KRF)	1. Dan Helge Bjørneset (H)
Odd Arne Folkestad (FRP)	2. Arild Iversen (KRF)
	3. Roald Espset (FRP)
	4. Sindre Rotevatn (H)
Randi Langlo (AP)	Per Maurset (AP)
Eldar Englund (SP)	1. Silvia Prøven Tangen (SP)
Bente Tryggestad (SP)	2. Anders Hjellbakk (SP)
Brynhild Lund Notøy (V)	Nina Lødøen Øen (V)

Administrasjonen si tilråding:

Varalista til valstyret skal ha slik oppstilling:

PS 48/18 Kommune og fylkestingsvalet 2019 - fastsettjing av valdag

Handsaming:

Røysting:

Administrasjonens tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Fellesnemnd for nye Volda kommune - 01.11.2018

I Volda og Hornindal kommunar skal valldagen for kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019 vere måndag 9. september 2019.

Administrasjonen si tilråding:

I Volda og Hornindal kommunar skal valldagen for kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019 vere måndag 9. september 2019.

PS 49/18 Veterinærvakt - Inndeling i veterinærvaktområde i Møre og Romsdal

Handsaming:

Røysting:

Administrasjonens tilråding samrøystes vedteken.

Vedtak i Fellesnemnd for nye Volda kommune - 01.11.2018

Med tilvising til saksutgreiinga under og innspela som er komne i samband med denne fråsegna vil Fellesnemnda i Nye Volda ikkje tilrå at det vert gjort endringar i veterinærvaktområda Ørsta Volda og Stryn Hornindal no.

Administrasjonen si tilråding:

Med tilvising til saksutgreiinga under og innspela som er komne i samband med denne fråsegna vil Fellesnemnda i Nye Volda ikkje tilrå at det vert gjort endringar i veterinærvaktområda Ørsta Volda og Stryn Hornindal no.

PS 50/18 Anskaffingsprosess for grafisk profil - ny handsaming

Handsaming:

Røysting:

Administrasjonens tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Fellesnemnd for nye Volda kommune - 01.11.2018

Fellesnemnda går vidare med anskaffingsprosess med Grafia Reklamebyrå som skissert i saksutgreiinga.

Administrasjonen si tilråding:

Fellesnemnda går vidare med anskaffingsprosess med Grafia Reklamebyrå som skissert i saksutgreiinga.

PS 51/18 Orienteringssaker

OS 46/18 Orientering om oppseiing av avtalar

Prosjektleiar Rune Sjurgard orienterte Fellesnemnda at det i forkant av utløpetidspunktet vil ein i nye Volda ta stilling til om avtalene skal reforhandlast, avsluttast eller eventuelt om det skal gjennomførast konkurranse. Det er laga eit register over alle avtaler som kommunane har oversikt over, og det vert gjort ein gjennomgang av desse avtalene.

OS 47/18 Førespurnad om deltaking i interkommunalt plansamarbeid - reiseliv og turisme

Odd A. Folkestad melde seg ugild i saka på grunn av sitt verv som styremedlem i Sunnmøre Kulturnæringshage. Fellesnemnda var samde om at han var ugild, og Folkestad trakk seg tilbake. Fellesnemnda vedtok samrøystes at Folkestad var ugild, jfr fvl § 6, 1. ledd, bokstav e.

Jørgen Amdam orienterte Fellesnemnda om at i samarbeid med Volda Næringsforum og Sunnmøre Kulturnæringshage er det er eit initiativ frå kommunane Stryn, Sykkylven, Stranda, Ørsta, Hornindal og Volda om å ha ei felles kommunal plantilnærming, i tett samhandling med næringslivsaktørar, som kan styrke verdiskaping og ressursforvaltning for alle.

I samband med denne saka stilte også Eldar Engelund spørsmål om kva retningsval nye Volda ønskjer å gjere med tanke på reiselivsdestinasjon. Engelund påpeikar at det har vore stilt om dette ei stund og at det hadde vore nyttig å fått ei avklaring på kva ein skal forholde seg til. Prosjektleiar og leiar av fellesnemnda orienterte om at det vert ein prosess på dette seinare, og at ein vil ha ein dialog med reiselivsaktørane om dette spørsmålet.

OS 48/18 Orientering frå temakomite for kulturbygging

Odd A. Folkestad returnerte til bordet.

Leiar i komiteen, Odd Harald Sundal, tok ordet. Sundal orienterte om at komiteen har hatt tre hovudpunkt på agendaen i år.

1. Søknadsbare midlar – komiteen lyste ut ein pengepott til lag og organisasjonar. Fristen for å søkje på desse midlane var 30. september. Komiteen fekk ikkje ein einaste søknad, og vil derfor vurdere lopande søknadar så lenge der er midlar igjen. Frivilligsentralane har skaffa kontaktinformasjon i alle lag og organisasjon i Hornindal og Volda og vil oppmøde lag og organisasjonar om å søkje på midlane.
2. Ungdomsarrangement – Dette er eit tiltak som ungdomsrådet i Volda og ungdomar i Hornindal har jobba tett med. Denne gruppa kom fram til at Studenthuset Rokken var det mest høvelege lokalet for arrangementet. På grunn av kapasitetsutfordringar ved Rokken vert dette arrangementet lagt til rundt påsketider.
3. Venebenkar – Dette var eit prosjekt som vart starta av frivilligsentralane, som komiteen tok over. Desse venebenkane skal vere klar i løpet av perioden før jul. Benken som skal stå i Volda vert laga av ein snikkar i Hornindal, medan benken som skal stå i Hornindal vert laga av Styrk arbeid i Volda.

OS 49/18 Rapport om helsetenestetilbodet i Hornindal og Volda

Etter bestilling frå prosjektorganisasjonen og fellesnemnda har konsulentenskapet Agenda Kaupang gjort ei analyse av helsetenestetilboda i Hornindal og Volda kommune. Ved prosjektleiar Eilin Ekeland vart den førebelse rapporten lagt fram for Fellesnemnda.

OS 50/18 Overgang fra Fellesnemnd til nytt kommunestyre

Eldar Engelund med spørsmål korleis overgangen frå Fellesnemnd til nytt kommunestyre vert, med referanse til sak handsama tidlegare i møtet om at kommunevalet vert gjennomført 9. september 2019.

Leiar i Fellesnemnda, Stig Olav Lødemel, opplyste om at Fellesnemnda vert avvikla når kommunestyret har konstituert seg sjølv. Kommunestyra i høvesvis Hornindal og Volda vil ha sitt virke fram til og med 31.12.2019.

OS 51/18 Spørsmål til notatet om lokalisering i nye Volda

Randi Langlo med spørsmål til OS 41/18 Nye Volda - Lokalisering av administrative kontorarbeidsplassar frå sist møte. Ho lurte på i kva grad sørviskontor vil verte lagt til kommunehuset Smia, ettersom ho hadde ei oppleving at dette framleis skulle bestå også etter samanslåingstidspunktet.

Prosjektleiar Rune Sjurgard presiserte at notatet i førre møte var eit diskusjonsgrunnlag i oppstarten av ein prosess. Det skal etter kvart utarbeidast eit forslag til kontolokalisering som arbeidstakarorganisasjonane får til høyring før handsaming i fellesnemnda. Når det gjeld sørviskontor orienterte han om at den tradisjonelle sørviskontorfunksjonen er i ferd med å verte endra som følge av den digitale utviklinga. Ein ser no at biblioteka med lengre opningstid har fått tillagt mottaksfunksjonar og vert ein utvida møteplass med fleire funksjonar.